

oktober 2009

Hausten kom fort og det har vore stor aktivitet i laget. Dei to siste sommarkonsertane hadde vi i september, nok ein gong takk til alle som har vore med i sommar! Det har vore ei glede å organisere når so mange stiller opp.

Øvingshelg Hellesylt 28 – 30 august.



Vi starta sesongen med ei øvingshelg for dei under 20 år hos Hellesylt UL. Det blei god tid til mange øvingar denne helga, i tillegg til mykje god mat og godt selskap. Vi lærte vekk lurspel, springdans og diverse anna dans, dei tok lausdans og parhalling. I felleskap laga vi eit spelemannslag der Svein og Synnøve Hjellbakk Hole instruerte. Vi leigde inn Oline Løvlid til å halde songøvingar. Det virka som alle fekk nytt påfyll og var veldig tilfredse med helga.

Til overnatting hadde vi leigd fire hytter, den eine større enn den andre. Vi drar gjerne tilbake dit. Bodde som grevar! Gjengen på Hellesylt er veldig gode samarbeidspartnare, og vi vil gjerne fortsette det gode samarbeidet vi har med dei.

Barnestemne i Sunnmøre Frilynde, Rogne 18.-20. Sep.



Ein flott gjeng på tur i haustsola.

Nokre av medlemmane reiste på barnestemnet i år også. Spennande aktivitetar og mykje dans. Les meir om dette på heimesida www.alesundspelemannslag.no

Bunadsseilas fredag 25. sept.





I stiv kuling og regn, gjekk vi ombord nordgåande hurtigrute saman med spelemannslaget Havella for å underhalde på bunadseilas. Vel ombord, hadde vi ei framsyning som passasjerane satte stor pris på. Turistane fekk som vanleg sjå breidda i norsk folkemusikk gjennom dans, felespel, lur og bukkehorn. Saman med Andrine og etterkvart dei nye vennane i Havella gjorde vi kjøpesenteret eit besøk, inkludert kafeen, før vi satte oss ned og venta på sørgåande. Den var forsinka og det vart seint før vi kom ombord, derfor slapp vi å halde konsert.

Så litt om planane vidare i haust.

17. – 18. oktober drar lur- og bukkehorngruppa til Tolga.

Det skal prøvast og kjøpast nye instrument hos instrumentmakar Magnar Storbekken. Med den store bruken vi har på lurane varer dei ikkje evig. Det er fleire av lurane som må skiftast. Og i år vil selvfølgelig alle ha store bukkehorn, størst mulig ☺. Det vil nok bli en god del speling også denne helga.

Sjokoladekappleiken 31. oktober. Blindheim barneskole.

Det nærmar seg kappleik og påmeldingane strøymmer på, vi venter over 100 deltakare, og vi satsar på å få til eit like flott arrangement som i 2007. No gjenstår det berre å skaffe nok sjokoladar. Håper at alle våre aktive og ikkje aktive finner veien hit den dagen. Etter kappleiken blir det dansekurs med Mona Mikalsen og Svein Are, det blir middag og leikfest.

Besøk av Marie Lovise Widnes, museet 11. november kl 18.00

Marie Lovise har vi hatt kontakt med tidlegare og songgruppa har fleire songar etter ho. No har ho gitt ut cd, og vil kome å fortelje og syngje til oss.

Meir informasjon om denne kvelden kjem seinare.

Avslutningskonsert Herøy Musikkskule 1. desember

Vi er inviterte til å bli med på Havella sitt bidrag på konserten, dei vil gjerne vise litt frå samarbeidet vi hadde på bunadskruset. Vi har takka ja, men ser at det kanskje vil bli litt seint for dei aller yngste.

Juleavslutning 2. desember

Vi håper å få unna juleavslutninga før det store rushet på alle skular og barnehagar.

Ekstra øving for felene med Jorunn Marie Kvernberg 9 desember.

Planen over den øvinga vil kome seinare, men sett av dagen :))



USA tur

Planlegginga fortsetter og fristen for å melde seg på er snart over. Det er klart at det blir ei utfordring å reise med ei gruppe på kanskje mange over 40, men vi jobbar på. Vertane i USA ventar spent og planlegg ein god del for oss.

I jula har vi sjansen til å møte to frå Leikarringen i Los Angeles. "The Vatnehol Family" får besøk av Darlene og Cameron. Da får vi sikkert unna ein del planlegging også.

Ymse

Det vil bli kalla inn til ekstraøvingar for felegruppene. Det er omtrent 20 feler i sving no og det har begynt å høres på museet når det er øving. Vi har lagt om øvinga ein del for å få kvelden til å strekke til. Voksengruppa på dans har også vokst. Vi gleder oss over å sjå at huset som vi skal leige neste år, veks.

Det skal bli stor forandring når vi får flytte dit.

Styret

Solfrid